

Styret i Arna Senioruniversitet 2015-2016

<i>Leiar</i>	<i>Ragnvald Samsonsens</i>
<i>Nestleiar</i>	<i>Kjell Arnstein Sælen</i>
<i>Styremedlemer</i>	<i>Ingeborg Eliassen Evelyn Fasteland Bjørn Myhren</i>
<i>Varamedlemer</i>	<i>Anna Olsnes Eli Svarstad Magnus Vestrheim</i>
<i>Sekretariat</i>	<i>Arna Frivilligsentral v/ Monica Nesse Postboks 3, Ytre Arna 5889 BERGEN Tlf: 55243810 Mobil: 91007507 E-post: post@arna.frivilligsentral.no</i>

Styret oppmodar medlemene å koma med framlegg til emne og forelesarar til senioruniversitetet.

*Semester- / medlemsavgift i Arna Senioruniversitet 2015
Kr. 250,- pr. semester som inkluderer forelesningar og servering.*

Førelsingane er opne for alle.


For ikkje-medlemer kostar kvar forelesning kr. 80,-

Kontonummer for medlemsavgift: 3624.28.73739

Arna Senioruniversitet

Vårsemesteret 2016

*Ein møteplass
for tanke
og trivnad!*



Semesterplan 1. halvår 2016

Tysdag 12. januar

Tema *En eventyrlig ingeniør*

Førelasar *Ole Didrik Lærum*

Møtestad *Ljoshall* **Tid** *11.00 -13.00*

Lærum er 75år, fødd i Bærum men vaks opp på Voss. Etter examen artium 1959 frå Voss landsgymnas og cand.med. i 1965, fullførte han dr.med. 1969 og spesialiserte seg innan patologi ved Rikshospitalet. Frå 1974 arbeidde han for Gades institutt i Bergen som dosent i eksperimentell patologi og onkologi, og professor frå 1980. Han var prorektor ved Universitetet i Bergen 1984-89 og rektor 1990-1995. Seinare var han ein av fleire leiande professorar i Fritt akademia. Han vart emeritus i 2010, men heldt fram i arbeidet som professor ved København universitet der han og er æresdoktor.



Tysdag 2. februar

Tema *Oss og de andre – på godt og ondt. Å vokse opp i Bergen etter andre verdenskrig*

Førelasar *Ingri Lønnebotn*

Møtestad *Ljoshall* **Tid** *11.00-13.00*

Forfattar og journalist. Ho studerte skrivekunst, prosa og dramatikk ved Skrivekunst-akademiet i Hordaland. I tillegg har ho Nordisk Journalistkurs frå Århus.

Ingri Lønnebotn har arbeidd som journalist og undervist på folkehøgskule. Som forfattar debuterte ho med diktsamlinga «Jordstyrt» i 1988. Seinare har det kome fleire diktsamlingar – og endå fleire romanar. Den siste romanen hennar, «En av de andre», er ein sjølvbiografisk roman frå 50-talet, og samstundes ei slags krigshistorie med forteljingar frå andre verdskrigen. Denne kom ut i 2014.



Tysdag 1. mars

Tema *Korleis vidareutvikla Hordaland inn i framtida*

Førelasar *Anne Gine Hestetun*

Møtestad *Ljoshall* **Tid** *11.00 -13.00*

Fylkesordførar Anne Gine Hestetun har ein allsidig karriere bak seg både som polititar og leiar i ulike organisasjonar. Tidleg på 90-talet var ho konsulent i organisasjonskomiteen for OL på Lillehammer. Seinare vart ho regiondirektør i NSB og deretter direktør i Fjordline. Då parlamentarismen vart innført i Bergen kommune i 2000 vart ho utnemnt til byråd for service og utvikling,



seinare for barnehage, idrett og skule. Ho var og ein bystyreperiode komiteleiar for byutvikling og miljø. Før ho vart valt til fylkesordførar i oktober 2015 var ho i 7 år direktør i Stor Bergen Boligbyggelag og i OBOS.

Tysdag 5. april *Årsmøte med føredrag*

Tema *Arna, ei bygd i Bergen*

Førelasar *Randi Andersen*

Møtestad *Ljoshall* **Tid** *11.00-13.00*

Randi Andersen er historikar og tilsett som avdelingsleiar på Osterøy museum, Museumssenteret i Hordaland. Ho har tidlegare skrive Gausdal bygdebok band 2 (1989) og Arna bygdebok band 1 – Frå eldste tider til 1840 (1999) og arbeidd med ulike prosjekt, i tillegg til lokalhistoriske artiklar.



Tysdag 10. mai

Tema *Leiren*

Førelasar *Erling Mjelde*

Møtestad *Espeland Leir* **Tid** *11.00-13.00*

Espeland fangeleir er den einaste autentisk bevarte fangeleiren frå 2. verdskrig. I 1997 vart leiren lagt ut for sal på den opne marknaden. Med Erling Mjelde i spissen og gode medhjelparar, klarte dei ikkje berre å stoppa salet, men fekk i desember 2014 Stortinget til å overlata leiren vederlagsfritt til Stiftelsen Espeland Fangeleir. Stiftelsen og ei stor veneforeining legg i dag ned eit formidabelt arbeid for å vedlikehalda leiren. Erling Mjelde fekk i 2011 Kongens fortjenestemedalje for arbeidet sitt. Han vil fortelja om prosessen frå 1997, status for arbeidet i dag samt mål og visjonar for framtida.



Tysdag 7. juni

Senioruniversitetet reiser på utflukt til vakre Ulvik kor me vitjar Haugesenteret, Rossvoll og freistar Ciderruta. Avreise frå Arna Terminal kl. 08.00 med retur til Arna om lag kl. 18.45 Det blir servert lunsj på Brakanes hotell. Meir informasjon om påmelding m.m kjem seinare.



Vel møtt på møteplassen for tanke og trivnad!